

Ifølge liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

06/2334-

26.11.2013

Høyring om forskrift om endringar i forskrift om manntal for fiskarar og fangstmenn (manntalsforskrifta)

Fiskeri- og kystdepartementet sender med dette på høyring forslag om endringar i forskrift 18. desember 2008 nr. 1436 om manntal for fiskarar og fangstmenn (manntalsforskrifta).

Fristen for høyringsfråsegn er fredag 28. februar 2014.

Høyringa inneheld forslag til tre endringar i regelverket. Departementet foreslår å:

1. Justere grensene for det særlege samiske verkeområdet i manntalet slik at det vert samanfall mellom det geografiske verkeområdet for tilleggskvotar i open gruppe i fisket etter torsk i medhald av § 21 i forskrift 18. desember 2012 nr. 1297 om regulering av fisket etter torsk, hyse og sei nord for 62 grader nord i 2013, og manntalsforskrifta §§ 3 nr. 5, 4 og 5 nr. 5.
2. Heve øvre grenser for inntekt i anna yrke eller næring for å stå i manntalet, jf. manntalsforskrifta §§ 3 nr. 5, 4 og 5 nr. 5.
3. Oppheve tilgangen til å tilbakedatere innføring i manntalet, jf. manntalsforskrifta § 9 tredje ledd. Dette inneber at registreringa tidlegast kan gjerast gjeldande frå søknadsdato.

I punkt 4. er det utarbeida forslag til forskriftsendringar.

1. *Forslag om å justere grensene for det særlege samiske verkeområdet i fiskarmanntalet*

Fiskarmanntalet skal vere eit register for offentlege etatar over personar som er busette i

Noreg og som har fiske eller fangst i havet som leveveg åleine eller saman med anna næring eller anna arbeid. Eit av vilkåra for å stå i fiskarmanntalet er derfor at ein ikkje har for høg inntekt i anna yrke eller næring enn fiske og fangst. For å stå på blad A er inntektsgrensa frå anna yrke eller næring 350 000 kroner, og for å stå på blad B er denne grensa på 250 000 kroner. Dersom vedkomande er omfatta av eit verkeområde som svarer til Sametinget si ordning med søkjarbaserte tilskot til næringsverksemd, eller busett i kommunar der alle innbyggjarane er omfatta i heile eller delar av kommunen, er grensa høvesvis 450 000 kroner og 350 000 kroner. Denne høgre grensa i samisk område har mellom anna som formål å leggje til rette for tradisjonell samisk kombinasjonsverksemd av fiske og anna næring.

For å kome inn under den gunstigare ordninga må ein såleis vere busett i ein kommune som er omfatta av Sametinget si ordning med søkjarbaserte tilskot til næringsverksemd. Dersom vedkomande er busett i ein kommune der berre delar av kommunen er omfatta av Sametinget si ordning, vil likevel alle innbyggjarane i kommunen kome inn under den gunstigare ordninga i fiskarmanntalet. I kommunar der berre personar som vert rekna som samar er omfatta av Sametinget si ordning, slik som i til dømes Lenvik kommune og resten av Senja, vil ikkje alle innbyggjarane nyte godt av dei gunstigare reglane i manntalsforskrifta.

I samband med oppfølging av Kystfiskeutvalet for Finnmark (NOU 2008: 5 «Retten til fiske i havet utenfor Finnmark») har forvaltninga vurdert, på eit meir prinsipielt grunnlag, kor grensa for eit særskild verkeområde som omfattar den sjøsamiske befolkninga bør gå. Dette er også diskutert i Ot.prp. Prop. 70 L (2011-2012), jf. særleg punkt 12.6. Området er definert i deltakarlova § 21 og nærare definert i forskrift om regulering av fisket etter torsk, hyse og sei nord for 62 N i 2013 § 21. Grensa for dette området avviker noko frå det særskilde området i manntalsforskrifta.

Departementet meiner at det vil vere naturleg med ei felles geografisk grense. Det er ingen grunn til at grensene etter deltakarlova og reguleringsforskrifta skal være ulike grensa i manntalsforskrifta. Det er også forvaltningsteknisk enklare at personkretsane er samanfallande.

Gjeldande rett inneber at det gjeld ulike reglar for deltaking i ope gruppe i fisket etter torsk, hyse, sei nord for 62 N i 2013 for personar som bur i det særskilde verkeområdet. Personar som til dømes bur i Hasvik og Båtsfjord kommune med normal inntekt frå anna yrke mellom 350 000 og 450 000 kan ikkje få tilleggskvote i motsetnad til personar bur i Lebesby og Kvalsund, sjølv om de alle bor i kommune omfatta av tilleggskvoteordninga. Dersom ein opererar med felles geografiske grense, vil ein unngå slike uheldige utslag.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at dei geografiske grensene i manntalsforskrifta vert lik grensa i deltakarlova og reguleringsforskrifta, jf. forslag til ny § 2 a i manntalsforskrifta.

2. Forslag om å heve øvre grenser for inntekt i anna yrke eller næring for å stå i manntalet

Det er eit vilkår for å stå på blad A i fiskarmanntalet at ein ikkje kan tene meir enn 350 000 kr i eit anna yrke eller næring enn fiske og fangst og anna hausting av villlevande marine ressursar. Dersom vedkomande er omfatta av det særskilde samiske området er den årlege inntektsgrensa 450 000 kr. For å stå på blad B er dei tilsvarende grensene høvesvis 250 000 og 350 000 kr. Desse grensene vart innført i 2008 da ein gjekk bort frå indeksjustering av grensene.

Sametinget har overfor departementet framheva at det er overordna viktig at ein finn fram til ordningar som både på kort og lang sikt kan auke bulyst og næringsaktivitet i område med samisk busetting, som eit ledd i oppfølginga av Kystfiskeutvalet for Finnmark. Sametinget har derfor foreslått at den øvre grensa for inntekt i anna yrke eller næring vert heva.

Departementet er samd med Sametinget i at ei slik heving kan fremje bulyst. Samtidig meiner vi at ein bør halde fast ved faste inntektsgrenser som går fram av forskrifta, men er opne for å heve grensa så mykje at ho kan liggje fast over lang tid. Vi meiner det vil vere naturleg å heve grensene i andre område tilsvarende.

Inntektsgrensene som gjeld i dag ble fastsette med verknad frå 2008. Med indeksjustering tilsvare 350 000 kr i 2008 382 800 kr i 2013, som er ei auke på 6,74 %. Ein bør dessutan vere merksam på at eventuelle forskriftsendringar tidlegast vil gjelde frå 2014.

Departementet å justere opp alle grensene for inntekt frå anna yrke eller næring med 50 000 kr. Dette inneber at ein ikkje kan tene meir enn 400 000 kr i anna yrke eller næring, dersom ein skal kunne stå på blad A. I det særlege verkeområdet vil grensa vere 500 000 kr. For å stå på blad B vert dei tilsvarende grensene høvesvis 300 000 og 400 000 kr.

3. Tilgangen til å tilbakedatere innføring i manntalet

I dag er utgangspunktet at registreringa i manntalet tidlegast kan gjerast gjeldande frå søknadsdato(eller seinare om søkjar ønskjer), jf. manntalsforskrifta § 9 tredje ledd. Det gjeld likevel eit unntak for spesielle tilfelle der aktivitet i fiske vert dokumentert. Slik registrering kan daterast tilbake inntil 1. januar føregåande år.

For fiskeriforvaltninga kan tilbakedatering skape utfordringar, mellom anna dersom rettar er knytta til tidspunkt for manntalsføring, som til dømes fylkesbindingane. Streng praksis i høve til tilbakedatering vil dessutan gjere det vanskelegare for utlendingar å verte manntallsført med falsk adresse i Noreg.

Praksis for tilbakedatering har likevel vore liberal, mellom anna fordi det er vanskeleg å skilje mellom kva som er særlege tilfelle og ikkje.

Departementet kan ikkje sjå at det lenger er særleg behov for slik tilbakedatering og foreslår å oppheve regelen som opnar for tilbakedatering.

Ein vil vise til at det er frivillig å stå i manntalet dersom vilkåra for opptak er til stade. Manntalsføring inneber ei rekkje fordelar, som til dømes tilgang til å delta som fartøyeigar eller høvedsmann i kystfiskeri og til sosiale ordningar og trygdeytingar. Det er også nokre ulemper ved å stå i manntalet, til dømes at ein må betale medlemspremie til fiskarpensjonen. Næringsdrivande fiskarar som oppfyller vilkåra må såleis gjere eit val om vedkomande vil stå i manntalet eller ikkje. Dette tilseier at innmeldinga ikkje bør kunne gjerast gjeldande frå tidlegare enn søknadstidspunktet.

Tilbakedatering har i praksis hatt ein viss funksjon i høve til trygdeytingar der det er eit vilkår at ein faktisk er ført i manntalet, til dømes yrkesskadetrygd. I slike tilfelle har tilbakedatering medført rett til yrkesskadetrygd dersom skaden har skjedd før søknad om opptak i manntalet. Yrkesskadetrygda for fiskarar må likevel nå sjåast i samband med regjeringa sitt arbeid med arbeidsskadereforma. For andre trygdeytingar, til dømes a-trygd for fiskarar, er det tilstrekkelig at vilkåra for å stå i manntalet er oppfylt. Tilbakedatering er derfor utan betydning.

Departementet meiner at ein må kunne forvente at aktive fiskarar sjølv melder seg inn i manntalet dersom dei ønsker dei fordelane dette gjev. Departementet legg også til grunn at reiarlaga informerer mannskapa om konsekvensane av ikkje å stå i manntalet.

Departementet meiner på denne bakgrunn at dei beste grunnar tilseier at det ikkje er høve til tilbakedatering og foreslår å oppheve heimelen for å tilbakedatere manntalsregistreringa.

4. Forslag til forskriftsendringar

I forskrift 18. desember 2008 nr. 1436 om manntal for fiskarar og fangstmenn vert det foreslått følgjande endringar:

§ 2 a (ny) skal lyde:

§ 2 a. Særleg verkeområde

Med særleg verkeområde skal ein i denne forskrifta forstå Finnmark, kommunane Karlsøy, Kåfjord, Nordreisa, Kvænangen, Lyngen, Skjervøy, Storfjord, Balsfjord, Sørreisa, Salangen, Gratangen, Lavangen, Skånland, Narvik, Hamarøy, Tysfjord og Evenes, og grunnkretsane Jøvik, Olderbakken, Lakselvbukt, Lakselvdalen, Sjøvassbotn, Stordal, Sjursnes, Reiervik, Breivika og Ullsfjordmoane i Tromsø kommune.

§ 3 nr. 5 (endra) skal lyde:

5. Vedkomande er ikkje sysselsett i full verksemd i anna yrke eller næring enn fiske og fangst og anna hausting av viltlevande marine ressursar. Det er å rekne som full verksemd dersom ein har ei arbeidstid på 2/3 eller meir av det som er vanleg i vedkomande yrke eller næring. Det er også å rekne som full verksemd dersom inntekta på årsbasis overstig 400.000 kroner. Dersom vedkomande er busett i det særlege verkeområdet nemnd i § 2 a, er inntektsgrensa 500.000 kroner. Som inntekt i anna yrke eller næring er å rekne

summen av brutto lønnsinntekt, netto næringsinntekt påplussa eventuelle fondsavsetningar og kapitalinntekter. Pensjonsinntekt skal reknast med med mindre det dreier seg om fiskarpensjon eller om alderspensjon for personar under 75 år som har vore registrert i manntalet samanhengande i minst eitt av dei siste 10 åra.

§ 4 (endra) skal lyde:

§ 4. *Unntak frå vilkåra for å stå på blad A i manntalet*

Det kan gjerast unntak frå vilkåra i § 3 nr. 4-nr. 6 for personar som tek imot alderspensjon eller uførepensjon etter ein uføregrad på 60 % eller høgare, anten dersom dei har hatt fiske eller fangst i havet av fisk, krepsdyr, blautdyr eller småkval som hovudyrke i fem av dei siste 20 åra før overgang til pensjon, eller dersom særlege høve tilseier det når dei i det vesentlege av sitt yrkesaktive liv har oppfylt vilkåra for opptak på *blad B*. Det er eit vilkår at vedkomande tidlegare har vore registrert i fiskarmanntalet, og at vedkomande ikkje har inntekt frå anna yrke *eller næring som overstig 300.000 kroner. Dersom vedkomande er busett i det særlege verkeområdet nemnd i § 2 a, er inntektsgrensa 400.000 kroner.*

§ 5 nr. 5 (endra) skal lyde:

5. Vedkomande er ikkje sysselsett i full eller avgrensa verksemd i anna yrke eller næring enn fiske og fangst og anna hausting av viltlevande marine ressursar. Det er å rekne som full eller avgrensa verksemd dersom ein har ei arbeidstid på 2/3 eller meir av det som er vanleg i vedkomande yrke eller næring, eller om ein er sjølvstendig næringsdrivande og har arbeidstakarar i verksemda si utanom hausting av viltlevande marine ressursar. Det er også å rekne som full eller avgrensa verksemd dersom inntekta på årsbasis overstig 300.000 kroner. *Dersom vedkomande er busett i det særlege verkeområdet nemnd i § 2 a, er inntektsgrensa 400.000 kroner.* Som inntekt i anna yrke eller næring er å rekne summen av brutto lønnsinntekt, netto næringsinntekt påplussa eventuelle fondsavsetningar og kapitalinntekter. Pensjonsinntekt skal reknast med med mindre det dreier seg om fiskarpensjon eller om alderspensjon for personar under 75 år som har vore registrert på blad B samanhengande i minst eitt av dei siste 10 åra.

§ 9 tredje ledd (endra) skal lyde:

Registreringa kan tidlegast gjerast gjeldande frå *søknadsdato*. Med mindre det ligg føre opplysningar som tilseiar kortare varigheit, skal registreringa gjelde ut kalenderåret, eventuelt ut komande kalenderår dersom registrering skjer i perioden 1. november - 31. desember.

Med helsing

Yngve Torgersen (e.f.)
Fung. ekspedisjonssjef

Geir Evensen
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar.

Adresseliste

Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Garantikassen for fiskere	Postboks 1244	7462	TRONDHEIM
Arbeidsdepartementet	Postboks 8019 Dep	0030	OSLO
Sametinget	Åvjavàrgeaidnu 50	9730	KARASJOK
Norges Fiskarlag	Postboks 1233 Sluppen	7462	TRONDHEIM
Norges Kystfiskarlag	Postboks 97	8380	RAMBERG
Norsk Sjømannsforbund	Postboks 2000 Vika	0125	OSLO
Arbeids- og velferdsdirektoratet	Pb 5 St. Olavs plass	0130	OSLO
Landsorganisasjonen	Youngsgt. 11	0181	OSLO